



Arkivnr: 2016/11221-30

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Prosjektrekneskap - justert godkjenningsordning

Samandrag

Fylkestinget vedtok i sak 7/18 på fylkestinget i mars at fylkesrådmannen til fylkestinget i juni skal leggja fram forslag til justerte rutinar for utarbeiding og godkjenning av prosjektrekneskap. Gjeldande rutinar vart vedtekne av fylkestinget i oktober 2013. Så langt har dei i stor grad vorte nytta berre for prosjekt innanfor eigedomssektoren.

Fylkesrådmannen legg i saka fram forslag til justerte rutinar som skal omfatte heile verksemda slik at også fylkesvegprosjekt inngår. Fylkesrådmannen foreslår slike avgrensingar:

- Prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr: Prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning.
- Prosjekt med budsjett over 25 mill. kr og avvik frå budsjett ved byggestart på meir enn 10%: Prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning.

Økonomi: Saka inneheld forslag til justert godkjenningsordning for prosjektrekneskap.

Klima: Ingen effekt.

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.05.2018

Bakgrunn

Fylkestinget gjorde i oktober 2013, sak 49/13 Prosjektrekneskapar – revisjon, slikt vedtak:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10% skal same rutine følgjast.»

I samband med at kontrollutvalet i møte 5. februar 2018 handsama sak om «Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt – revisjonsrapport» vart det peika på at prosjektrekneskap også for fylkesvegsektoren skal leggjast fram for kontrollutval/fylkesting til godkjenning.

Fylkesvegprosjekt vert utført i regi av Statens vegvesen innanfor ordninga med sams vegadministrasjon. Med utvida fylkesvegnett frå 2010 i samband med at fylkeskommunane overtok ansvaret for øvrige rikesvegar, vart sams vegadministrasjon langt meir omfattande. Sams vegadministrasjon sitt ansvarsområde har fram til det siste året vore revidert av Riksrevisjonen. Dette er bakgrunnen for at det fram til no ikkje har vore praksis å utarbeide og leggje fram prosjektrekneskap innanfor fylkesvegsektoren til godkjenning.

Fylkesrådmannen viste til problemstillinga i eit notat til kontrollutvalet av 25. januar 2018. Kontrollutvalet handsama notatet i det nemnde møtet 5. februar 2018 der ein tilrådde at fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide nye rutinar for det som gjeld prosjektrekneskap. Fylkestinget slutta seg til innstillinga frå Kontrollutvalet i fylkestingssak 7/18.

Gjeldande rutine

Som nemnt, har ordninga med godkjenning av prosjektrekneskap så langt i stor grad omfatta byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga. Fylkestinget si grense på 10 mill. kr før det skal leggjast fram revidert prosjektrekneskap til godkjenning har ikkje vore problematisk, men avvik på 10% i høve til opphavleg budsjett har gjeve nokre utfordringar. Det er særleg at samanlikningsgrunnlaget er «opphavleg budsjett» som har medført fleire prosjektrekneskap til godkjenning enn det som etter fylkesrådmannen sitt syn er «meningsfylt».

I den nemnde saka i kontrollutvalet i februar peikar Sekretariatet for kontrollutvalet på det ikkje er funne unntak for vegsektoren. Fylkesrådmannen kjenner heller ikkje til at det er gjort unntak, men årsaka til korleis regelverket er praktisert, er det gjort greie for ovanfor.

Fylkesrådmannen har hatt kontakt med regionvegsjefen ved utarbeiding av denne saka. Innanfor vegsektoren er det eit stort tal investeringsprosjekt – over 300 – det mange er små, men 50 prosjekt er omfatta av fylkestinget sitt vedtak om grense på 10 mill. kr. I tillegg er det ikkje uvanleg med avvik på 10% samanlikna med opphavleg budsjett, så omfanget er dermed noko større enn dei nemnde 50 prosjekta.

Regionvegsjefen peika i eit notat, som vart lagt fram for kontrollutvalet, på at det vil vere svært omfattande å følgja opp gjeldande rutine. M.a. det var bakgrunnen for at kontrollutvalet ba om at det vert lagt fram forslag til nye rutinar for fylkestinget.

Forslag til ny rutine

Fylkesrådmannen foreslår at dei nye rutinane skal gjelde alle sektorar i fylkeskommunen. Summen på 50 mill. kr inkl. mva. som grense for når prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning er samanfallande med grensa ein har i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.

Det går fram av gjeldande rutine at det er opphavleg budsjett som skal leggjast til grunn når ein reknar ut det prosentvise avviket. Fylkesrådmannen foreslår at dette vert endra til budsjett på byggestarttidspunktet.

Ved å nytte opphavleg budsjett som utgangspunkt, har ein etter fylkesrådmannen sitt syn, fått prosjektrekneskap som viser avvik som ikkje er reelle. Kostnadsramma for prosjekta er i mange høve justert, både ut frå endra innhald og endra tidspunkt for gjennomføring. Ein del av avvika som oppstår ved å samanlikne med opphavleg budsjett er dermed tekne omsyn om ein nyttar budsjett ved byggestart som samanlikningsgrunnlag.

Avgrensing - oppsummering

Fylkesrådmannen sitt forslag inneber slike avgrensingar for utarbeiding av prosjektrekneskap:

- Prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr inkl. mva: Prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning.
- Prosjekt med budsjett over 25 mill. kr inkl. mva. og avvik frå budsjett ved byggestart på meir enn 10%: Prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning.

Fylkesrådmannen foreslår altså å heve grensene for særskild handsaming av prosjektrekneskap. Det er då viktig å understreke at alle prosjekt er underlagt den vanlege løpande revisjonen. Det er no fylkeskommunen sin revisor, Deloitte, som også reviderer fylkesvegprosjekta. Tidlegare stod riksrevisjonen for revisjon av fylkesvegane.

Fylkesrådmannen vil elles tilrå at rutinane vert gjennomgått etter at Vestland fylkeskommune er etablert og deler av sams vegadministrasjon er overført til fylkeskommunen frå 2020.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.